Det er ikkje planlagt noko eigen kloakkum i forbindelse med påbygginga. Svart og gråvatn er planlagt å pumpast i 50mm rør direkte til kommunal kum, slik at der ikkje blir noko avløp på eller rundt øya. Dette gjer vi for å prøve å bygrense unødvendig inngrep i naturen, samt at dette truleg er den beste løysinga.

Vi ønskjer også moglegheit til ei lita flytebryggje. Vi ser føre oss ei bryggje på 2,5 X 5 meter. Denne er like mykje tenkt som ei badebryggje som ei fortøyingsbrygge, men vil nok funger til begge deler når vi er på hytta. Vi ser for oss to stader der denne kan ligge (merka av på kart), enten rett ved sida av brygga, eller med ein gang du rundar kanalen inn i laguna. Vi ønskjer å ha laguna som eit alternativ i tilfelle det skulle verke trengt gjennom kanalen sidan det alle reie ligg ei flytebrygge på motsett side. Sidan vi ønskjer å kunne flytte på brygga vil det berre bli satt augeboltar i fjellet for innfesting. Det vil ikkje bli lagt noko meir tilrette på land for denne brygga.

mvh
Stian

Den Onsdag, 25. oktober 2017 11.00 skrev Marie Frøystad Voldsund <marie.froystad.voldsund@heroy.kommune.no>:

Hei,

Gløymde å gi deg kontaktinformasjon til Fred Arnesen. Du kan nå han på mobil 48897570 eller på fred.arnesen@heroy.kommune.no

Spørsmål om avløp rettast til han.

Helsing

Marie Frøystad Voldsund
Byggesaksbehandlar
Utviklingsavdelinga


Tlf. 70081300 Mob. 90994706



www.heroy.kommune.no

Herøy

Søk etter adresse, sted eller eiendommen



Avstand til næreste veg / tett / bygning

NORKART

© 2017 Norkart AS/Geovekst og kommunene/NASA, Meti © Mapbox © OpenStreetMap Improve this map

<https://kommunekart.com/klient/sunnm%C3%B8rskart>

1/1

Vedl. 2

Situasjonsplan:



Eksistrande bygg er grått, medan nybygg er merka med rosa.

Eksistrande terrasse er merka med kvit, medan ekstra terrasse er merka med lilla.

Flytebryggje.

Vi ønskjer å legge ut ei flytebryggje i forbindelse med hytta. Flytebryggja (2,5mx5m) er like mykje tenkt på som ei badebryggje som ei fortøyningsbryggje.

Vi har merka av 2 alternative plassar til denne bryggja (meka med gult på kartet). Alternativ 1 som vil være i direkte forbindelse med naustet er den mest ønskja plassen for bryggja. Men sidan vi ser at denne plasseringa kan gje nokon uheldige effektar har vi eit alternativ 2 inne i sjølve laguna. Vi ønskjer å ha begge alternativa til opne slik at vi kan flytte bryggja mellom alt 1 og alt 2 etter som vi ser kva som er mest praktisk , og ikkje går ut over andre si glede av å ferdast i området.

Alt 1 Dette er den mest ønskte plassen, men på grunn av at dette er ein ganske smal passasje er vi redde for at det å leggje ei brygge her, vi gjere at det føles privat for andre å padle inn i laguna, spesielt sidan det då ligg bryggjer på begge sider av passasjen. Vi ser også eit muleg praktisk problem med denne plasseringa, då det er mykje straum her når det fløymer eller går mot fjære slik at den kanskje ikkje er så egna til fortøying av båt.

Alt 2 Her slepp vi problemet med Straum, samt at det og pale inn i laguna ikkje vil følast meir privat enn i dag. Problemet med plasseringa at dette ikkje er i direkte forbindelse med naustet.

Innfesting for bryggja. Uansett plass for bryggje ser vi ikkje for oss anna enn augeblotar i fjellet som innfestning slik at det ikkje vil være «synelege» spor etter denne når ho blir tatt på land eller flytta.

§1-8 Strandsonevernet

Slik vi ser det er det ingen direkte ulemper med å renovere og byggje på hytta. Det er mykje tang, bratte berg og tett kratt på Øya, og det er på ingen måte ein naturleg stad å gjere strandhogg for båtturistar ute på tur. Vi ønskjer å gjere hytta og tomte til ei perle, men det er langt dit slik det ser ut der i dag. Naust, og tomt er svært sjuskete, og området ser både ustelt og forlatt ut. Øya har grodd kraftig igjen sidan ho sist var i bruk, tidleg på nittitalet. Hytta er plassert oppe på øya slik at du ved båt må ut frå land for å sjå den, dett gjer at dei som kjem inn i laguna ikkje vil føle at dei trengjer seg på privat grunn sjølv ved ei utbygging.

Vi ser heller ikkje at det er noko direkte ulempe med å renovere naustet. Slik naustet ser ut i dag er det meir til sjenanse enn noko anna då det er både skakt og i dårleg forfatning. Naustet blir ståande der det er i dag, men marginalt større for å ikkje gjere det for rugande i strandkanten, men like vel stort nok til å få inn ein liten båt og lengde nok til kajakkar.

Fordelen med ei renovering slik vi har sett det for oss, er at dette kan bli ein fritidsbustad. Bruk av øya vil gjere at det ikkje gror fullstendig igjen, det vil bli meir opent terreng og vedlikehalde slik at det blir finare og meir livleg i skjergarden. Det er bustadhus og andre hytter i direkte nærleik, vi vil tru at dei set pris på at området blir heldt ved like og ikkje ser ut slik som det gjer i dag.

Formålet med påbygget og renoveringa er å kunne bruke bygget som ein fritidsbustad der familien kan være lenger enn eit par timar på dagtid. Vi ønskjer oss ei hytte der vi kan lage mat og overnatte, slik at vi kan få nyte den fine naturen i området. Kva ein forventar av standard og kva behov ein har ved ei hytte i 2017 er ganske annleis enn det var i 1962. Vi ønskjer derfor å byggje ut hytta for å tilpasse den til vår bruk og våre behov som ein familie på fem. Påbygga det er snakk om er soverom og kjøkken, eksisterande hytte vil få nye vindauger og kledning for å kunne isolerast til dagens bruk.

Påbygget si utforming og plassering er laga for å følge terrenget slik at det blir berre å flytte masse under hytta for å få det flatt, då klarar vi også å halde ein låg profil på bygget.

Det å få byggje på naustet vil gje oss moglegheit til å oppbevare kajakkar, redningsvestar, våtdrakter ein liten båt og elles anna fritidsutstyr som ikkje egnar seg å ha inne i hytta. Med eit tett naust vil vi også kunne tørke fritidsutstyret som typisk blir brukt ved sjøen. Eit renovert naust vil gjere området finare og det vil sjå meir velstelt ut.

Det er ikkje planlagt noko eigen kloakkum i forbindelse med påbygginga. Svart og gråvatn er planlagt å pumpast i 50mm rør direkte til kommunal kum, slik at der ikkje blir noko avløp på eller rundt øya. Dette gjer vi for å prøve å bygrense unødvendig inngrep i naturen, samt at dette truleg er den beste løysinga.

Vi ønskjer også moglegheit til ei lita flytebyggje. Vi ser føre oss ei bryggje på 2,5 X 5 meter. Denne er like mykje tenkt som ei badebyggje som ei fortøingsbyggje, men vil nok funger til begge deler når vi er på hytta. Vi ser for oss to stader der denne kan ligge (merka av på kart), enten rett ved sida av brygga, eller med ein gang du rundar kanalen inn i laguna. Vi ønskjer å ha laguna som eit alternativ i tilfelle det skulle verke trangt gjennom kanalen sidan det alle reie ligg ei flytebyggje på motsett side. Sidan vi ønskjer å kunne flytte på brygga vil det berre bli satt augeboltar i fjellet for innfesting. Det vil ikkje bli lagt noko meir tilrette på land for denne brygga.

Søknad om dispensasjon

Søknaden skal sendast til:
Herøy kommune
Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Saksnr. i kommunen:

Motteke:

☒ Søknad om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl).

☐ Søknad om dispensasjon frå føresegn, forskrift eller plan vedteken med heimel i lova, jfr pbl. § 19

Eigedom:

Gnr.

45

Bnr.

24

Festenr.

Kort omtale av tiltaket:

Utbygging av eksisterande hytte
Riving av eksisterande naust og bygge nytt naust.
Utviding av platting
Etablering av flytebygge.

Det vert søkt om dispensasjon frå følgjande regel/føresegn:

Plan- og bygningslova § 1-8 strandsonevernet
Vi søker dispensasjon frå strandsonevernet, samt at vi
ønsker å legge ut ei flytebygge med mål : 5m x 25m

Grunngjeving:

Sjå eige vedlegg

☒ Varsling av naboar/gjenbuarar vedlegg nr.: 1

☒ Eventuelle teikningar, kart etc. vedlegg nr.: 1

☐ Eventuelle uttaler frå andre offentlege styresmakter vedlegg nr.:

Namn Stian Skare Albertsen

Adresse Bugarden 68

Postnr. 6065

Postadr. Ulsteinvik

Telefon 4725 2974 Mobiltlf.

Dato: 26.10.2017

Stian Skare Albertsen
sinnatur

Skriv ut



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	FRASTE	Arkivsaknr:	2017/1576
		Arkiv:	59/80

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
13/18	Maritim og teknisk komite	05.02.2018

BT UTBYGGING AS - 59/80 DISPENSASJON FOR TO-MANNS BUSTAD MUNKESTRANDA

Tilråding:

1. Maritim og teknisk komité (MTK) vedtek at det med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 vert gjeve dispensasjon frå følgande:
 - plan- og bygningsloven (pbl) § 1-8 – Forbod mot tiltak mv. Langs sjø og vassdrag.
 - grad av utnytting i kommuneplan.
 - føresegn til kommuneplan § 2.16 (AN) pbl § 11-9 for utforming av naust.
 - avstand til kommunal veg.
2. BT-utbygging AS får dispensasjon for oppføring av tomannsbustad med garasje og naust med tilhøyrande flytebrygge på gnr. 59 nr. 80 ved Munkestranda i Herøy kommune med følgande vilkår:
 - a. tomannsbustad plasserast med ein avstand på minimum 9 m frå vegmidte.
 - b. Frittstående garasje plasserast inntil 3 m frå eigedomsgrense mot kommunal veg.

Særutskrift:

Møre og Romsdal Fylkeskommune, Postboks 2500, 6404 Molde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Postboks 2520, 6404 Molde
BT utbygging AS, Tarbergvegen 3, 6076 Moltustranda

Vedlegg

- 1 201726_Søknad om dispensasjon_59_80_PDF
- 2 201726_Plan, snitt og fasadeteikningar_59_80_A3_M100
- 3 201726_Situasjonsplan A3_250
- 4 Kart oversikt
- 5 Ortofoto
- 6 Munkestranda- dispsak - ingen merknad
- 7 201726_Dronebilete 1
- 8 201726_Dronebilete 2
- 9 201726_Dronebilete 3
- 10 Herøy kommune - oppføring av tomannsbustad med garasje og naust gbnr 59/80 - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8
- 11 80 - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8
- 12 201726_Skredfarevurdering, Munkestranda, Herøy kommune
- 13 201726_Sjekkliste for ROS-vurderinger 59_80_PDF
- 14 201726_Sjekkliste naturmangfold_59_80_PDF

Samandrag av saka:

BT- utbygging søker om dispensasjon for oppføring av tomannsbustad, garasje, naust og flytebrygge på gnr. 59 bnr. 80, Munkestranda på Moltu. Det søkast om dispensasjon for følgende:

- Plan- og bygningslova § 1-8 – byggeforbod i 100-metersbeltet for plassering av bygg.
- Grad av utnytting i kommuneplan (BYA).
- Føresegna kommuneplan pkt. 2.16 (AN) og plan- og bygningslova (pbl) § 11-9 nr 5 for val av anna takform for naust en saltak.
- Avstand til kommunal veg.

Eigedomen det gjelder ligger ved Munkestranda på Moltustranda, området er satt av til bustad i gjeldande kommuneplan. Tomta ligger innanfor 100-metersbeltet og innanfor omsynsone for skred i kommuneplanen.

Saka har vore på høyring hos fylkesmann og fylkeskommune utan spesielle merknadar, samandrag kan lesast i vurderinga under.

Saksopplysningar:

BT- utbygging AS ønsker å bygge ein funkisprega tomannsbustad over to plan, med frittliggande garasje. I tillegg ønsker de å føre opp to naust med tilhøyrande flytebrygge.

Søker opplyser at det er lagt vekt på gode kvalitetar i prosjektet og utforming speglar tilpassingar til terreng/utforming av tomt. De ønsker også å bygge to naust med flatt tak for på denne måten å utnytte tak på naust til ein del av uteopphaldsområde for eigedomen.

Vurdering

Det søkast om dispensasjon til å føre opp ein tomannsbustad, frittliggande garasje og naust med tilhøyrande flytebrygge.

Heimel for å kunne gi dispensasjon etter plan- og bygningslova sine reglar finn ein i pbl § 19-2 andre ledd. For det fyrste må ikkje regelen det dispenserast frå verte vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved dispensasjonen vere klart større enn ulempene. Ein søknad om dispensasjon må vere grunngjeven.

Tomta er sterkt skråande mot sjøen og utbygger har tilpassa utbygging for å nytte tomta best mogleg. Terrengutforming gjer at området er vanskelig framkommelig for almenheita slik det er i dag, så etter kommunens vurdering vil området ved ein dispensasjon for dette tiltaket ikkje bli vesentlig meir privatisert en det er i dag.

Utbygger viser til god utnytting av tomta og har tilpassa bygningar til tomt/terreng, tillatt utnyttingsgrad for området er 30 %, jf. arealdelen av kommuneplanen, utbygger legg her opp til 32,8 % og overskriding vurderast som marginal med tanke på utnytting av tak på naust til uteopphaldsområde.

Det søkast om naust på 30 m² med flatt tak, dette grunngiast med at takflater ønskes brukt til uteopphaldsområde og vil gi ein god utnyttelse av tomta. Areal på naust er i høve til retningslinjer for naust i Herøy kommune.

Flytebrygge med landfeste, denne vil ikkje være til hinder for allmenn ferdsel langs sjø eller land.

Avstand til kommunal veg, her har vegmynde i Herøy kommune vurdert saka og satt gitte vilkår for plassering av tomannsbustad og garasje, vilkår er tatt med i tilråding. Løyve til avkøyrsløp er gitt av vegmynde og blir tatt med i eventuelt løyve til tiltak i byggesak.

Det er utført faglig vurdering av rasfare for området og denne konkluderer med at området er trygt for bygging. Viser her til skredfarevurdering Munkestranda, datert 04.09.2017 vedlagt.

Det er også gjort ROS-analyse og vurdering av naturmangfaldet, sjå vedlegg for desse.

Ut frå ei samla vurdering kan ikkje rådmannen sjå at tiltaket skal vesentlig tilsidesette føremålet det dispenserast frå og tiltaket vil gi klart fleire fordelar en ulemper.

Saka har vore på høyring hos fylkesmannen og fylkeskommune med følgjande tilbakemeldingar:

Fylkesmann:

Har ut frå sine ansvarsområder ingen merknad.

Fylkeskommune:

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Tomta er avsett til bustader i gjeldande kommuneplan, i søknaden er det søkt om dispensasjon frå pbl § 1-8, frå reglar i kommuneplanen om grad av utnytting og takform på naust. Tiltaket er slik vi forstår det den første oppføringa i dette bustadfeltet.

I føresegnene til arealdelen står det at «Ved planlegging av bustadfelt skal det for kvar bueining settast av min. 50m² til leikeplass og andre friområde». Vi stiller spørsmålsteikn ved korleis kommunen vil ivareta dette for dette bustadfeltet.

Tiltaket vil i sin heilhet privatisere tilkomsten til sjøen og delvis området ut i sjøen med foreslåtte flytebrygge. Vi rår til at ein innanfor dette området med bustader også sett av område for allmenta.

Forholdet til marine kulturminne

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved gbnr. 59/80, Herøy kommune som kan bli direkte råka av tiltaket. Me har heller ikkje indikasjonar på at område har vært nytta som hamn eller ankringsstad i eldre tider.

Museet har ingen andre merknader til det planlagde tiltaket.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Konklusjon

Ein kan ikkje sjå vesentlige ulemper ved ein dispensasjon i dette høvet. Utforming av bygningane speglar dagens byggeskikk og høver utforming av tomt godt. Naustet sin utforming bryt noko med tradisjonelt naust, men utforming slik det er tenkt vil gi enda betre kvalitet i tiltaket og utnyttelse av tomt og er med på å gi eit bra heilheitsinntrykk av prosjektet.

Området er på grunn av terrengutforming og tilkomst ikkje tilgjengelig for allmenn ferdsel og vi kan derfor ikkje sjå at tiltaket skal føre til noko vesentlig meir privatisering som følgje av dette tiltaket.

Rådmannen rår Maritim- og teknisk komité til å imøtekomme søknaden om dispensasjon frå plan- og bygningslova (pbl) § 1-8 og kommuneplan og gi dispensasjon til oppføring av tomannsbustad, garasje, naust og flytebrygge på gnr. 59 bnr. 80 i samsvar med vilkår i tilråding pkt. 2 a,b og søknad om dispensasjon datert 25.10.2017.

Fosnavåg, 23.01.2018

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Frank Robert Stenersen

Herøy kommune
v/Utviklingsavdelinga
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Søknad om dispensasjon fra PBL paragraf 1-8 (Byggjeforbod i 100-metersbeltet i strandsona) for oppføring av to-mannsbustad, naust og utlegging av flytebrygge – gnr. 59 bnr. 80

På vegne av BT Utbygging AS søker vi om dispensasjon og løyve til tiltak som vist til i overskrifta og slik det går fram av vedlagte teikningar og situasjonsplan for tomtene gnr. 59 bnr. 80.

Tomannsbustad:

Vi søker om dispensasjon frå byggjeforbodet i PBL § 1-8 og søker om rammeløyve til å føre opp tomannsbustad, naust garasje/carport nærare strandsona enn 100 meter. Vi viser til at tomtene i kommuneplanen strekk seg frå kommunevegen og heilt ned i strandsona og at det for denne delen av kommuneplanen ikkje er utarbeidd byggjegrænse i plankartet.

Vi søker om dispensasjon frå følgjande:

- Byggjeforbod i 100-metersbeltet for plassering av bygg
- Grad av utnytting i kommuneplanen (BYA)
- Føresegna i kommuneplanen punkt 2.16 (AN) pbl §11-9 nr5 for val av anna takform for nausta enn saltak.
- Avstand til kommunal veg

Vi har i tidlegare, gjennom e-post frå avdelingsleiar Ole Magne Rotevatn i Utviklingsavdelinga i Herøy kommune, fått aksept for at det kan byggast to bueiningar på desse tomtene med tilvising til etablert praksis som er kommunen.

Grunngjeving for dispensasjon:

Avstand til sjø og plassering på tomta:

Vi meiner vår skisserte plassering på tomta er optimal med tanke på utnytting av tomta i sin heilskap. Konseptet vert då ein vertikaldelt tomannsbustad, garasje, naust og flytebrygge på tomta ihht til vedlagte teikningar.

Dagens terreng på tomta er bratt og ulent, og prega av større blokkstein i foten av tomta som gjer det bort i mot uråd å ferdast her for ålmenta. Av omsyn til at dagens terrenget ikkje gjer det mogleg med ålment ferdsel i strandsona, så kan ein heller ikkje sjå at det er ein dispensasjon vil vesentleg setje til side det formålet som byggeforbodet i 100-metersbeltet skal ivareta. Det er friområde for ålmenta lenger aust for tomtene som er betre eigna for ålment rekreasjon og ferdsel.

Plassering av bygning er gjort for å ta opp terrenget og sikre ei god utnytting av areal over to plan. Naust i nedkant av tomta vil kunne sikre ei løysing som gir gode uteopphaldsareal ved å utnytte takflata. Med denne bygningstypen vil ein kunne sikre god utnytting av skråande terreng, samt at ei sikrer god balanse mellom bygg, parkering og uteopphaldsareal. For tiltakshavar vil det vere klart større fordelar enn ulemper å få utnytte tomta slik den er planlagt. Tiltaket er ikkje i konflikt med andre omsyn som natur, miljø eller friluftsliv.

Tomta er avsett til bustad i kommuneplanen og den kommunale vegen sør for tomta tvingar bygningane til å halde ein viss avstand til senterlinje veg. Dette medfører igjen at ein må utnytte dei den sjønære delen av tomta. Avstand til sjø blir også sett i forhold til at det nyleg er etablert bebyggelse lenger mot vest som har fått løyve til å føre opp bygg nær strandsona. Vi har ikkje registrert at det er særskilte natur, miljø eller kulturomsyn som ein må ta omsyn til i denne delen av Munkestranda.

Grad av utnytting:

Føresegner til kommuneplanen fastheld ein utnyttingsgrad med 30% BYA. Vi søker dispensasjon for tillate utnyttingsgrad BYA = 32.8 %. For grunngeving for høgare utnyttingsrad viser vi til ovannemnde vurderingar i høve avstand til sjø og plassering på tomta. Vi meiner også ei tettare utnyttingsgrad ikkje vil gå på bekostning av uteareal på tomta. I tillegg til ei uteareal som takflate på nausta, vil kvar seksjon kunne ha eit uteopphaldsareal på bakknivå tilsvarande 106 m² pr seksjon. Med dette vil seksjonane kunne få sitt eige grøntareal. Dette meiner vi vil kompensere for å tillate ei høgare utnyttingsgrad for tomta.

Takform:

For takflata til nausta, så vil ein grunngi dette med at ein vertikaldelt tomannsbustad med naust vil kunne ivareta dei maritime funksjonane, samstundes som ein kan få ei optimal utnytting av tomta og gode uteområde med naust og uteopphaldsareal på takflata.

Naust 30 m²:

Vi søker om å få bygge to stk naust i strandsona på 30 m² på same tomta. Desse vert plassert i nedre kant, tilpassa terrenget på tomta. Her viser vi til dei same vurderingane som for tomannsbustaden, samt at det er andre eigedomar lenger vest som har naust på sine tomter. Særskilt for denne løysinga vil vere at ein tek sikte på å nytte takflata på naustet som uteopphaldsareal. Storleiken på nausta er valt av fleire omsyn, men vi vel her nytte Fylkesmannen sine retningslinjer for naust i Herøy kommune.

Flytebrygge og landfeste:

Vi søker om å etablere eit landfeste og legge ut ei flytebrygge om lag midt på tomta slik at denne kan utnyttast på begge sider. Her viser vi til at det er andre eigedomar lenger vest som har lagt ut flytebrygger i sjø og at det soleis må vere likebehandlig for vårt prosjekt. Flytebryggene vil her ikkje vere til hinder for ferdsel på land eller i sjø. Vi føreset her at det må skje ei behandling i Maritim og teknisk komite i høve hamne og farevannslova.

Avstand til kommunal veg:

Vi søker dispensasjon frå avstandskravet i veglova for plassering av bygning 9 meter frå senterlinje veg, samt for plassering av garasje/carport 5 meter frå vegkant orientert parallelt med veg. Vi meiner vår skisserte plassering på tomta er optimal med tanke på utnytting av tomta i sin heilskap,


samt at plasseringa ikkje vil vere til hinder for snutilhøve eller parkering på eiga tomt. Det blir samstundes søkt om etablering av ny avkøyrsløp, som kan etablerast med god sikt i begge retningar.

Avsluttande kommentar

Vi meiner at det ved behandling av søknaden må sjåast hen til den eksisterande bebyggelsen som ligg i Munkestranda og det etablerte mønsteret som er av sjøtomter i dette området. Vi vonar at det blir sett på dei kvalitetane som tiltaket fører med seg i form av gode løysingar.

Vi ser føre oss her at det må vere likebehandling og at det må kunne akseptast også for denne tomte. Vilråda for å gi dispensasjon vil vere til stades her etter vår meining.

Vurderingar kring risiko og sårbarheit er gjort i eige vedlegg.




Aleksander Zahl Tarberg

B. Tarberg AS

STRANDLINJE

TERRASSE OVER NAUST

TERRASSE OVER NAUST



BYGGEMELDINGSTEGNING

TO-MANNSBUSTAD - MUNKESTRANDA
GNR. 59 BNR. 80

UTBYGGAR: BT-UTBYGGING AS
TARBERGVEGEN 3

6076 MOLDTUSTRANDA

Ivar Sulebakk
design
IVAR SULEBAKK
Tel.: 911 59 584
ivarsulebakk@gmail.com


Arkitekt Ivar Sulebakk, Postboks 185, 6050 Moldtustrand

FUNDAMENT GARASJE

UNDERETASJEPLAN

MÅL 1:100

DATO: 23.11. - 17



BYGGEMELDINGSTEGNING

TO-MANNSBUSTAD - MUNKESTRANDA
GNR. 59 BNR. 80

UTBYGGAR: BT-UTBYGGING AS
TARBERGVEGEN 3

6076 MOLDTUSTRANDA


SNITT

IVAR SULEBAKK
design
IVAR SULEBAKK
Tel. 911 59 584
ivarsulebakk@gmail.com

Arkitekt Ivar Sulebakk, Postboks 185, 6020 Hordvik

MÅL 1:100

DATO: 23.11. - 17



BYGGEMELDINGSTEGNING

TO-MANNSBUSTAD - MUNKESTRANDA
GNR. 59 BNR. 80

UTBYGGAR: BT-UTBYGGING AS
TARBERGVEGEN 3
6076 MOLDTUSTRANDA


IVAR SULEBAKK
design
IVAR SULEBAKK
Tel: 911 59 584
ivar.sulebakk@gmail.com

Arkitekt Ivar Sulebakk, Postboks 185, 6020 Torshov


HOVEDETASJEPLAN

MÅL 1:100

DATO: 23.11. - 17



MOT SYD-VEST



MOT SYD-ØST

BYGGEMELDINGSTEGNING

TO-MANNSBUSTAD - MUNKESTRANDA
GNR. 59 BNR. 80

UTBYGGAR: BT-UTBYGGING AS
TARBERGVEGEN 3
6076 MOLDTUSTRANDA



Ivar Sulebakk
design
IVAR SULEBAKK
Tel : 911 59 584
ivar.sulebakk@gmail.com

ivarsulebakk.no

FASADER

MÅL 1:100

DATO: 23.11. - 17



BYGGEMELDINGSTEGNING

TØ-MANNSBUSTAD - MUNKESTRANDA
GNR. 59 BNR. 80

UTBYGGAR: BT-UTBYGGING AS
TARBERGVEGEN 3

6076 MOLDTUSTRANDA



FASADER

ivar design
IVAR SULEBAKK
Tel: 911 59 584
ivarsulebakk@gmail.com

Arkitekt Ivar Sulebakk, Postboks 185, 6050 Fosnavåg

MÅL 1:100

DATO: 23.11. - 17



MUNKESTRANDA				
Gnr 59 nr 80				
BT Utbygging AS				
Dato	11.07.2017	Konstr./tegnet	Godkjent	Målestokk
Situasjonsplan A3 M 1:250				Erelatning for:
To-mannsbustad, garasje, naust, flytebrygge				Erstatlet av:
901				
Henvisning:		Beregning:		B. TARBERG AS




59/80

Dato: 08.12.2017

Målestokk: 1:2000

Koordinatsystem: UTM 32N



Tegnforklaring

Eiendomsinformasjon

	Sikker grense - koordinatfesta
	Usikker grense - ikkje koordinatfesta
	Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta
	Eiendomsteig
Abo	Gårds- og bruksnummer



59/80

Dato: 08.12.2017

Målestokk: 1:2000

Koordinatsystem: UTM 32N



Tegnforklaring

Eiendomsinformasjon

	Sikker grense - koordinatfesta
	Usikker grense - ikkje koordinatfesta
	Fiktiv grense - ikkje koordinatfesta
	Eiendomsteig
Abe	Gårds- og bruksnummer



Herøy kommune
Postboks 274
6099 FOSNAVÅG

Herøy kommune
Oppføring av tomannsbustad med garasje og naust på gnr59 bnr80 - BT
Utbygging AS
Dispensasjon frå kommuneplan og pbl § 1-8

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ingen merknad.

Med helsing

Lars Kringstad (e.f.)
fung. samordnar

Kari Bjørnøy
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde







Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2017/1576	11.12.2017	2327/2018/DISPENSASJON/1515	Mari Anne Bjørkmann, 71 28 02 40	09.01.2018

Herøy kommune - oppføring av tomannsbustad med garasje og naust gbnr 59/80 - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

Planfagleg vurdering

Tomta er avsett til bustader i gjeldande kommuneplan, i søknaden er det søkt om dispensasjon frå pbl § 1-8, frå reglar i kommuneplanen om grad av utnytting og takform på naust. Tiltaket er slik vi forstår det den første oppføringa i dette bustadfeltet. I føresegnene til arealdelen står det at «Ved planlegging av bustadfelt skal det for kvar bueining settast av min. 5m² til leikeplass og andre friområde». Vi stiller spørsmålstekn ved korleis kommunen vil ivareta dette for dette bustadfeltet.

Tiltaket vil i sin heilhet privatisere tilkomsten til sjøen og delvis området ut i sjøen med foreslåtte flytebrygge. Vi rår til at ein innanfor dette området med bustader også sett av område for allmenta.

Forholdet til marine kulturminne

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Museet kjenner ikkje til kulturminne ved gbnr. 59/80, Herøy kommune som kan bli direkte råka av tiltaket. Me har heller ikkje indikasjonar på at område har vært nytta som hamn eller ankringsstad i eldre tider.

Museet har ingen andre merknader til det planlagde tiltaket.

Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Mari Anne Bjørkmann
rådgiver

Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.

Kopi:
Statens vegvesen, Region midt
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Fra: Arkiv Herøy[arkiv@ssikt.no] Sendt: 10.01.2018 14:59:08 Til: Hilde Bringsvor Skinnes Tittel: Herøy kommune - oppføring av tomannsbustad med garasje og naust gbnr 59/80 - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Fra: Mari Anne Bjørkmann [mailto:mari.anne.bjorkmann@mrfylke.no]

Sendt: 10. januar 2018 12:25

Til: Postmottak Herøy

Kopi: Fylkesmannen i Møre og Romsdal; Statens vegvesen Region midt

Emne: Herøy kommune - oppføring av tomannsbustad med garasje og naust gbnr 59/80 - fråsegn ved søknad om dispensasjon frå kommuneplan og pbl §1-8

Fråsegn, sjå vedlegg.

Mari Anne Bjørkmann

rådgjevar

plan- og analyseavdelinga

Møre og Romsdal fylkeskommune

Tlf. 71 28 02 40 / 934 58 863

mari.anne.bjorkmann@mrfylke.no

mrfylke.no



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Skredfarevurdering Munkestranda

Herøy kommune 04.09.2017





Dokumentinformasjon:

Oppdragsgjevar: Herøy kommune, Avdeling for samfunnsutvikling

Dokumenttittel: Skredfarevurdering Munkestranda, Herøy kommune.

Utgåve/revisjon: I

Dato: 04.09.17

Filnamn: Skredfarevurdering 2017, Munkestranda, Herøy kommune

Utarbeida av: Espen Bergø og Erlend Sporstøl Vikestrand.

Geologisk fagpersonell i Herøy kommune:

Espen Bergø, Geolog

Signatur:

Dato:

18.09.2017

Erlend Sporstøl Vikestrand, Naturgeograf

Signatur:

Dato:

18.09.2017

Sidemannskontroll:

Undersøkinga sidemannsgokjend av Arne Sandnes hjå Breiteig Fjordsenter.

Signatur:

Dato:

16.09.2017

Ansvarlig i Herøy kommune:

Jarl Martin Møller, Kommunesjef Herøy kommune.

Signatur:

Dato:

18.9.2017



SAMANDRAG

Det har vorte gjennomført ein skredfarevurdering av eigedomen 59/81, i samband med byggesøknad for einebustad. Område ligg innanfor omsynssone for skred jamfør arealdelen til kommuneplanen. Bygningsmyndigheita har difor pålagte ein skredfarevurdering av området i høve til krava til TEK10, før løyve til tiltak kan gjevast.

Det omsøkte tiltaket ligg på Munkestranda, Herøy kommune, og ligg nord for bratte fjellsider og fjelltoppar. Berggrunnen har fleire sprekker og sprekkesystema som går igjen i dei ulike fjellsidene og dei ulike fjelltoppane. Område har i hovudsak lite lausmassar og større blokker og morenemateriale er dominerande. Vegetasjonen i område er prega av gras, lyng og mindre buskvekstar.

Tiltaket har vore vurdert opp mot skredfare i bratt terreng, der faren for snøskred, steinsprang og lausmasseskred har vore vurdert. Undersøkingane har vore gjennomført av personar i Herøy kommune med geofagleg kompetanse og har vore sendt til sidemannskontroll hjå Breiteig Fjordsenter, eit føretak som gjer geologiske undersøkingar og skredfarevurderingar.

Vurderinga er gjort på grunnlag av kart og terrenganalyse, klimaanalyse, historiske opplysningar, synfaring og modellar for utstrekning av skred. På grunnlag av dette vart to skredfarekart der dei forskjellige fareklassane (vedlegg II), i høve TEK 10, for snøskred og steinsprang er markert. Karta er basert på ein heilskapeleg geofagleg vurdering av resultat frå synfaring, kartstudie, teoretiske modellar og geofagleg kompetanse.

På grunnlag av geofagleg vurdering vert det vurdert at omsøkte byggetiltak har tilstrekkeleg sikkerheit mot skred i høve til TEK 10 og sikkerheitsklasse S2, bustadbygg. Område ligg utanfor område der skred med ein lågare årleg nominell sannsyn enn 1/1000 kan nå bustadtomtene 59/81 med øydeleggane kraft.

Konklusjon:

Geologisk fagkyndig vurderar at Herøy kommune kan gje løyve til omsøkt tiltak med høve til geologisk vurdering av skredfare i bratt terreng.



Innhald

Samandrag	3
1 Innleiing.....	5
1.1 Kartgrunnlag og GIS-analysar	6
1.2 Synfaring.....	7
2 Områdeskildring	8
2.1 Topografi.....	8
2.2 Kwartærgeologi og Berggrunnsgeologi	11
2.3 Kartgrunnlag og terrengmodellar	11
2.4 Klimastatistikk	11
2.5 Skredhistorie/tidlegare skredhistorikk og tidlegare skredfarekartlegging....	12
2.6 Observasjonar frå synfaring	15
2.6.1 Tidlegare skredhendingar.....	15
2.6.2 Inspeksjon av lausneområde.....	17
2.6.3 Kartlegging av sprekkesystem og forkastingar	22
3 Modellering	24
3.1 Teoretisk utløpslengde for snøskred og steinsprang	24
4 Vurdering av Skredfare	28
5 Konklusjon	31
6 Referansar	32



1 INNLEIING

Herøy kommune har gjennomført ein skredfarevurdering av skred i bratt terreng i samband med byggesøknad på gnr. 59 bnr. 81 Munkestranda, Herøy kommune. Denne tomte ligg innanfor omsynssone for skred i bratt terreng, og difor har byggmyndigheita pålagt at ei skredfarevurdering må gjennomførast før byggeløyve kan gjevast. Området vore vurdert mot skredfare i høve med krava til TEK10.

Det er søkt om einebustad, noko stillar spesifikke krav om tilstrekkeleg tryggleik i høve Plan- og Bygningslova (PBL.) § 28-1, nærmare bestemt:

«§ 28-1. Byggegrunn, miljøforhold mv.

Grunn kan bare bebygges, eller eiendom opprettes eller endres, dersom det er tilstrekkelig sikkerhet mot fare eller vesentlig ulempe som følge av natur- eller miljøforhold. Det samme gjelder for grunn som utsettes for fare eller vesentlig ulempe som følge av tiltak.

For grunn som ikke er tilstrekkelig sikker, skal kommunen om nødvendig nedlegge forbud mot opprettelse eller endring av eiendom eller oppføring av byggverk, eller stille særlige krav til byggegrunn, bebyggelse og uteareal.

Departementet kan gi nærmere forskrifter om sikkerhetsnivå og krav til undersøkelser, sikringstiltak for person eller eiendom, dokumentasjon av tiltaket og særskilte sikringstiltak.»

Vidare definerer byggt teknisk føreskrift TEK10 § 7-3 krav til tryggleik og sikkerheit mot skred for nybygg eller tilbygg med tilhørande areal. I rettleiaren til TEK10 blir det gitt retningsgivande eksempel på byggverk som kjem inn under dei ulike sikkerheitsklassane for skred:



Tabell 1. Sikkerheitsklassar for plassering av byggverk og tilbygg i skredfareområde, Byggeteknisk foreskrift TEK 10.

Sikkerheitsklasse for skred	Konsekvens	Største nominelle årlege sannsyn
S1	Liten	1/100
S2	Middels	1/1000
S3	Stor	1/5000

Det søkt om å bygge ein einebustad på 59/81, noko som skal vurderast mot tryggleiksklasse S2. Tryggleiksklassane er definert ut frå største nominelle årlege sannsyn. For ein einebustad krevjast det då at den største nominelle årlege sannsyn for skred er mindre enn 1/1000. For å stadfesta nominelle årlege sannsyn for skred i bratt terreng for det omsøkte tiltaket vart Alfa-Beta metoden i samband med geologiske vurderingar nytta. Resultata frå desse vurderingane vart kombinert i farekart for snøskred og steinsprang. Karta (vedlegg III) viser de største teoretiske utløpslengdene basert på sikkerheitsklassane TEK10 kap. 7 § 7-3.

Den endelige vurderinga av skredfare er gjort i eget kapittel (kp. 4) der dei ulike resultata og metodane varte diskutert. I dette kapittelet vart ulike typar skreda og deira sannsyn drøfta og vurdert mot tryggleiksklasse S2.

1.1 KARTGRUNNLAG OG GIS-ANALYSAR

I vurderinga var forskjellige kart og kartgrunnlag brukt til terrengeanalysar og matematisk modellering, blant anna FKB data, flyfoto frå 2016 og høgdedata frå laserdataprojektet NDH Ytre sørre Sunnmøre 2pkt 2016 og er frå Statens Kartverk. Det geologisk kartgrunnlaget vart henta hjå NGU sine heimesider i august 2017, der geologiske kart, lausmassekart og kvartærgeologiske kart vart brukt i analysane.

I samband med matematisk analysar vart det nødvendig å gjera meir grundige GIS analysar for å berekne helling og hellingsretning. For å gjera dette vart laserdata konvertert til ein terrengmodell med ein nøyaktigheit på under 1m, noko som har vore grunnlage for alt berekningsarbeidet og GIS- analysar.



1.2 SYNFARING

Synfaring vart gjennomført i to omgangar med forskjellig omfang og vart først gjennomført den 29 mai 2017 og andre gong den 29 juni 2017. Synfaringane hadde forskjellig fokus, den første synfaringa var for å danne eit overblikk over område og terrenget. Det vart også lagt ein vidare plan for synfaring nr. 2 der område for vidare undersøkingar vart identifisert. Synfaring 2 gjekk ut på å kartlegg tidlegare identifiserte områder i meir detalj der klippar og andre område som elles ikkje hadde vart mogleg å nå til fots vart undersøkt med drone.



2 OMRÅDESKILDRING


Søknad om bygg og gjeld ei bustadeining på eigedom 59/81. Eigedomene ligg ved Munkestranda, aust for Moltustranda. Munkestranda har fleire tomter med einebustadar og bygg, som ligg vest for undersøkingssområde. Rett sør for dei omsøkte eigedomane ligg to fotballbanar, idretts/grende-hus og fleire bustader vest for tomte.

Dei omsøkte tomtene ligg akkurat innanfor omsynsone for skredfare, sjølve tomtene ligg på sjøranden på ei flat slette nord av fleire fjelltoppar og fjellryggar som er frå 145 – 420 m høge. Frå desse fjellområda går det to mindre bekkar/elvar, med uviss vassføring, ned til fylkesvegen der dei går i kulvertar og har utløp til havet aust for 59/81. Sør frå 59/81 er det anlagt to fotballbanar, parkeringsplass og eit bygdehus. Frå lausmassekart og kvartærgeologisk hjå NGU ligg eigedomane på ein slette beståande av morenemateriale. Terrenget er prega av ein bratt skrent, 25-45 grader (fig 1) frå vasskant til toppen av sletta. Frå denne kneika er sletta omtrent flat sørover til fylkesvegen. Derifrå blir hellinga gradvis brattare før den når toppane (fig 1).

Område på flata har utstrakt lyng-, gras- og buskdekke, samt fleire mindre tre. Fjellområda og fjellsidene i sør er prega av gras, lyng og fjellbjørk/tre i hovudsak i klynger. Generelt har dei flest overflata eit tynt dekke med lausmassar der det veks lyng, tre eller busker. Blokker, ur og bart fjell har eit mose- og lav-dekke, og nokon tilfella der meir kraftig vegetasjon som lyng og busker veks.

2.1 TOPOGRAFI

Frå kart- og flyfotostudie er det identifisert 4 potensielle kjeldeområde for skred i bratt terreng (fig. 1). Dei er identifisert frå kriteria for lausneområde gitt i rettleiar «Sikkerheit mot skred i bratt terreng, NVE 2014». Områda er prega av bratt terreng der hellinga variera frå jamn helling til eit meir oppstykkja og trappeforma helling der hellinga variera frå hyllar på under 30, avbrott av klippar på over 50 grader.



Figur 1, potensielle utløsningsområde for skred i bratt terreng markert med skravering og er merka 1-4, lausnepunkt er markert med raud stjerne. Terrengprofilar markert med tjukk svart strek. Kartgrunnlaget er hellingsskart der fire klassar med helling er merka. Kartgrunnlag frå FKB- og høgde-data frå Statens Kartverk.

Område 1 har eit relativt jamt terreng, der mesteparten av fjellsida består av blotta fjell, der fjelltoppen er dekkja av eit tynt dekke med noko vegetasjon. Vidare utover sletta rett under fjellsida er terrenget flatt, ut mot sjøen unntatt ei lita forhøgning midt på sletta.

Område 2 er ein større fjellsida med ein utstikkande knaus med hyllar rett sør for det omsøkte tiltaket. Lengre vest er fjellsida prega av jamn helling. Desse to formane er skilt av ein stup, som skråar nordvest.

Område 3 er prega av eit meir trappeforma terreng, beståande av fleire bratte hyllar med nær-vertikale klippar i bakkant.

Område 4 er ein renne mellom område 2 og 3, med nordleg orientering. Renna har ein bekk som renn midt i renna. Bekken har si kjelde i bakkant av toppen av renna.



Hellinga er jamn og variera frå 45 til 30 grader, men er avbroten av nokon berg som stikk ut.



Figur 2, ortofoto over Undersøkningsområde, raud skravur markerar omsynssone for skred.



2.2 KVARTÆERGEOLOGI OG BERGGRUNNSGEOLOGI

Berggrunnen i område består av mørk grå middels- til grovkornet glimmergneis (NGU N50 geologisk kart). Av kvartærgeologiske trekk i området er det i hovudsak bart fjell med stadvis tynt lausmassedekke som dominerer. Ut i frå kartet kan ein sjå ei svak botnform i området. Her er det funne delar av to randmoreneryggar, mest truleg avsett av ein lokal botnbre i yngre dryas perioden. I dei sjønære områda er det mektigare avsetningar av det som vert tolka som utvaska morene og sporadisk plasserte blokker frå skred eller istransport.

2.3 KARTGRUNNLAG OG TERRENGMODELLAR

Kartgrunnlaget består av Herøy Kommune sitt arkiv over flyfoto, der dei tidligaste bildane er frå 1965 til dei nyaste frå 2016.

Terrengdata er henta frå www.høydedata.no der laserdataprojektet «NDH Ytre Sunnmøre 2pkt 2016» er nytta. Denne er konvertert til ein terrengmodell med oppløysninga på 1x1 m.

2.4 KLIMASTATISTIKK

Herøy kommune er prega av eit typisk kystklima der middeltemperaturen på vinteren ligg over 0 grader. Klimastatistikk henta hjå www.yr.no for Vestlandet viser at middeltemperaturen og nedbørmengdene for Vestlandet har hatt ei auke frå år 2000 til i dag.

For vårmånadene låg middeltemperaturen mellom 0,5-1,5 C frå 1900-2010, og auka til 1,5-2,0 C frå år 2000 til i dag. Dette talet er noko høgare langs kysten.

Nedbørsmengdene har auka til 140-160% av normalverdi mellom år 2015-2017, men viser ein stor årleg variasjon frå år 1900.

For sommar ligg middeltemperaturen mellom 9-11 C, og nedbørsmengd for 2016 ligg 127% av normalen, frå statistikken er det årlege variasjonar på nedbørsmengda med +- 10-20% .

For haustmånadene låg middeltemperaturen på 3,2 C der årlege gjennomsnittstemperatur har auka med 1-3 C frå 2013 til 2016. Gjennomsnittleg nedbørmengd har minka med 10-20% av normalen frå 2013 til 2016.

For vinter ligg normaltemperaturen på -3,5 grader, der gjennomsnittleg temperatur har auka sidan 1980 talet, og frå 2010 har gjennomsnittstemperaturen auka med 2 grader. Sidan 2014 har nedbørmengdene auka med 10-70% av normalen sidan 1900.

Næraste permanente værstasjon ligg på Svinøy fyr, og ligg 19 km frå Fosnavåg. Målingar frå 2016 og 2017 på Svinøy fyr viser normaltemperatur på to grader på vinteren, med kaldaste temperatur på -1.2 grader i 2016-2017.

Herøy kommune ligg svært kystnært, noko som vil påverke gjennomsnittstemperaturane og nedbørmengdene. Samanliknar ein temperaturstatistikk og nedbørstatistikk for Herøy dei to siste åra, ser ein at gjennomsnittstemperaturen er varmare for Herøy kommune. Det er ikkje ført nedbørsstatistikk for næraste målestasjon.

Som følge av eit kystnært klima, er det ikkje uvanleg med mykje nedbør og vind. I ekstreme tilfelle kan dette føre til høgare frekvens av til dømes snøskred, då vind kombinert med mykje nedbør i form av snø kan føre til lasting av lesider.

2.5 SKREDHISTORIE/TIDLEGARE SKREDHISTORIKK OG TIDLEGARE SKREDFAREKARTLEGGING


Skred vil som oftast gjenta seg i områder der det har gått skred før, historiske skredhendingar er difor viktige i skredfarevurderingar. Synfaringar med god kartlegging gir difor viktig informasjon om skredtypar, områder, utløpslengde og gjentaksintervall. Dette kan brukast vidare i tolkingar og vurderingar på om der er ei reell fare for skred i eit område.

NVE gjennomførte ei generell skredfarevurdering av Herøy kommune i 2016. Under denne undersøkinga vart ikkje område der det omsøkte tiltaket ligg detaljkartlagt, men fleire område i Herøy kommune vart kartlagt og modellert for steinsprang og snøskred i bratt terreng. Under kartstudie vart flybilete frå 1965, 2006, og 2016

samanlikna og vurdert. Det vart ikkje funne noko nye steinsprang mellom bilete, men ein kan sjå at blokker og bart fjell blir dekkja av meir vegetasjon frå 1965 til 2016.

Historiske skredhendingar er registrert i ei database på www.skrednett.no, der ein kan sjå kva type skred som har gått og korleis data er samla inn. Data er som oftast frå samtalar med personar, tidlegare avisutklipp og andre kjelder. Mindre hendingar som ikkje har hatt stor innverknad på eigedom, folk eller fe vert oftast ikkje skreved eller teke vare på. Feltundersøkingar med fokus på å identifisere og kartlegge tidlegare skred er difor viktig i denne samanhengen.

I Herøy kommune er det gode historiske flybilete tilbake til 1965, noko som kan brukas til å identifisera teikn til skredaktivitet, som lause blokker og endring av terreng og vegetasjon.



Figur 3, Historiske flybilete frå Munkestranda. Øvste bilete er frå 1965 og nedste er frå 2003. Bilda visa kor mykje vegetasjon som har veks til på 40 år, bilete synar også nokon steinblokker som vart dekkja av vegetasjon.

Diverre er det ikkje alle lause steinblokker som kjem med på flybilete, då skuggar eller vinklar på kamera påverkar kva som kjem med på flybilete. Ein kan likevel få ein god indikasjon på kva som har endra seg sidan det tidligaste flybilete vart teke. Frå flybileta kan ein vise til at det ikkje er noko teikn til større hendingar i området.



2.6 OBSERVASJONAR FRÅ SYNFARING

Synfaringa vart gjennomført den 29. juni 2017, der området vart undersøkt for å avdekke fleire moment:

- Undersøking av tidlegare skredaktivitet:
 - o Snøskred –Undersøking av vegetasjon for avdekke tidlegare snøskred eller påverknad frå snødekke.
 - o Steinsprang –Undersøking og kartlegging av steinblokker for å påvisa og etablere ein ur-front.
 - o Flaum og massestraumar –Undersøking av terreng etter avsetningsformar og terrengformar som kan indikere tidlegare flaum eller massestraumar.
- Inspeksjon av lausneområde:
 - o Inspeksjon med drone av fjellsida, heng og klippar for å undersøke lause blokker, sprekker og vegetasjon.
 - o Oversiktsbilete av utløpsområde og lausneområde.
- Kartlegging av berggrunnsgeologi:
 - o Struktureologisk kartlegging av sprekker, forkastingar, foliasjon og litologi for å undersøke og eventuelt identifisere moglege svakheitssonar i berggrunnen som kan påverke steinsprang og fjellskred.

2.6.1 Tidlegare skredhendingar

Snøskred:

Frå synfaringa vart det ikkje avdekt spor etter snøskred. Vegetasjonen vart undersøkt for å sjå om trestammar var bøygde, greiner avrivne eller om tre eller busker hadde vekst i retning av moglege skredbaner. Det vart også undersøkt om det var noko typiske snøskredavsetningar i terrenget, men det vart ikkje påvist teikn til avsetningar eller endra vegetasjon som kan tyde på snøskred.

Steinsprang:

Ut frå flyfoto vart det identifisert fleire store steinblokker som var synlege frå flyfoto heilt tilbake til 1965. Frå flyfoto kan ein sjå at steinblokkene gradvis har vorte meir



dekt av vegetasjon frå 1965-2016, då mindre grad av steinblokker er synlege på dei nyare flyfotoa. Blokkene i botnen av fjellsidene vart undersøkt for å identifisere opphavet og moglege aldersteikn som kartlav, erosjon eller andre indikasjonar på kor lenge dei hadde loge der. Døme på slike spor kan vere avbrotne delar av blokkene, kvite merker, øydelagt vegetasjon eller klare merke i terrenget. Det vart ikkje påvist blokker etter nyare fall eller skredaktivitet under synfaringa. Manglar på aldersteikn eller aldersteikn som vart funne indikerer at blokkene har loge inaktive over mange tiår eller århundre, då alle blokkene har ei stor grad av vegetasjon over seg. Dette i form av lav, mose, lyng og i enkelte tilfelle mindre tre. Ei mogleg metode for å avdekke eventuell alder på desse blokkene er å undersøke kartlav og datere dei ut i frå storleiken på kartlav. Det vart ikkje funne kartlav til datering av blokkene, då blokkene er dekkja av fleire artar mose og lav.

Rundingsgrada til steinblokkene identifisert under synfaringa viser at steinblokkene har opphav som steinsprang med kort transport då dei har ei kanta rundingsgrad. Dei fleste blokkene er kanta til kantrunda, noko som tyder på at dei har vore utsett for ein del erosjon og kjemisk forvitring over tid. På nokon av dei eldre blokkene vart erosjonsgrus funne, i stor grad på blokkene med mest vegetasjon på.

Flaum:

Bekken som renn mellom skredområde 1 og 3, og gjennom 4 vart undersøkt i fjellfoten og i botn av utløpsområde 4. Sedimenta i- og kring bekken varierer frå grus til blokker på 30-50 cm³, samt noko grus og grovkorna sand. Ei lita elvevifte er akkumulert i botnen av utløpsområde 4. I tillegg er det antydingar til ei vifteform langs bekken i fjellfoten mot nord. Det er ingen teikn til større flaumløp eller flaumavsetningar i området. Ein må også rekne med at sediment frå steinsprang og vassføring saman dannar viftene.

Lausmasseskred

Frå nyaste flyfoto kan det synest eit potensielt felt i øvst i område 4, der eit felt på om lag 150 kvm, 30 m x 6m, ikkje er dekkja av vegetasjon. Øvst i dette feltet syns det grå masse, og lengre ned i hellinga syns blokker på under 50 cm. Området rundt viser

teikn på solifluksjon, noko som kan tyde på at dette er massebevegelse og ikkje lausmasseskred.

Elles er det låg akkumulasjon av lausmasser i området. Det er særleg lite av dei fine sedimenta som følgje av lågt innhald av morenemateriale og høgt innhald av blokker frå steinsprang. Terrenget er bratt og nedslagsfeltet for nedbør er lite. Det er heller ingen spor etter tidlegare massestraumar eller jordskred som skulle tale for fare for lausmasseskred i området.

2.6.2 Inspeksjon av lausneområde

Dei fire lausneområda som vart funne under kartstudium vart vidare undersøkt visuelt med drone og kamera med zoom der det ikkje var hensiktsmessig eller trygt for nærare inspeksjon.


Frå flyfoto og dronebilete kan ein sjå at heile undersøkingsområdet har ei viss grad av lausmasse og vegetasjon. Ein kan også sjå at det er ei viss form for fallsortering i sedimenta, då det ligg større blokker i botn av heilingane og ein reduksjon i storleiken lengre oppover.

Lausneområde 1:

Frå flybilete har området i hovudsak mykje bart fjell og eit tynt lausmassedekke. I område veks tre fram i sprekker og på hyller i botnen av terrenget. Mot toppen er det mindre volum av blokker, der vegetasjonen består i hovudsak av gras, mose, lyng og nokre busker.



Lausneområde 1



Figur 4, løseområde 1 sett frå nord, bilete tatt med drone. 1A og 1C viser oversiktsbilete over område, tatt sørover og austover høvesvis. 1B viser nærbilete av overheng. Bilete synar ein fjellsida med vegetasjon på hyller og i sprekker. Til høgre i bilete synas eit overheng med noko vertikale sprekker og moglege blokker.


